

Studietur til Sør-Tyrol, 15-19. mars

Me har kome eit stykke lenger med planlegginga av studieturen. Kan framleis verta noko sjonglering med programpostane, men mykje er på plass. Utviklingsstadiet på denne tida er truleg tidleg ballong, men det er naturlegvis vanskeleg å spå nøyaktig korleis våren vert.

Tysdag 15. mars

Fly frå Bergen 6.15 og Stavanger 10.00. Kjem til Innsbruck 15.05 (Diverre avgrensa moglegheiter etter at Lufthansa kutta i flyingar frå vestlandet.).

Onsdag 16. mars

Besøk hjå sprøyteprodusenten Lochmann Plantatec (www.plantatec.it)

Ettermiddag foreløpig open

Torsdag 17. mars

- Gardsbesøk i Bozen/Terlan-området v/ rådgjevingstenesta (Südtiroler Beratungsring für Obst- und Weinbau)
- Fruktlagerbesøk
- Besøk på forsøksstasjonen Laimburg
 - o Plantesystem/skjering
 - o Gjødsling og vatning. Korleis tenkjer Sør-tyrolarane?
 - o Sortar



Fredag 18. mars

- Økologisk fruktdyrking m/Michaela Erschbamer, rådgjevar
- Sortar m/ Markus Bradlwater, Sortskonsortium Südtirol
- Gardsbesøk i Glaning (800 m.o.h). Landsby over Bozen, bratte frukthagar og utsikt over dalen sørover. Avslutning med ein matbit i ein typisk gardsrestaurant.

Avreise til Innsbruck

Laurdag 19. Mars

Avreise frå Innsbruck 8.50. Kjem til Bergen 16.35 og Stavanger 16.30

Sist me var av garde (Hausten 2011) vart prisen NOK 10 000-11 000,- pr person avhengig av avreiseflyplass og enkelt-/dobbeltram. Ut frå informasjonen me har funne så langt reknar me med at prisen vert nokolunde tilsvarande denne gongen (Fly, hotell og leigebilar).

For å få ein brukande pris vil me ha påmelding seinast 31. januar.